

**Fra:** inghomm2@gmail.com  
**Sendt:** 28. mai 2015 13:28  
**Til:** Postmottak KUD  
**Emne:** Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Ingunn Hommedal

[inghomm2@gmail.com](mailto:inghomm2@gmail.com)

Tyinvegen 5270, 2975 VANG I VALDRES

Eg ynskjer IKKJE at Regjeringa skal tillate sundagsopne butikkar!

Sundagsfri betyr fridom både frå arbeid og frå handel. Vi treng ikkje fleire dagar med shopping og auka forbruk.

Sundag er ein dag for frivillig arbeid, og mange bruker han til helsebringande friluftsliv. Når butikkane er stengde, er det tid for andre aktivitetar. Sundagsturen, frivillig innsats, rekreasjon og avslapping. Ein fridag er ikkje berre godt for helsa og hovudet, det er også bra for miljøet!

Sundagsopne gjer at fleire butikkar må halde ope , noko som fører til auka energibruk. Tilsette må på jobb og folk dreg til butikkar og kjøpesentra på ein dag med sundagsruter på tog og buss, og det vil bli langt meir bilkøyning.

Sundagsstengde butikkar er ei viktig ramme som gjev oss andre møteplassar og måtar å vera saman på. Seks dagar i veka er kommersielle handledagar, ein dag tilbyr noko anna. Både folk og miljø treng ein kviledag.

Derfor bed eg regjeringa om å stoppe forslaget om sundagsopne butikkar. Det er ei løysing på eit problem veldig få har, som lagar nye problem for mange fleire. La oss behalde kviledagen vår.

